



Vår dato:

20.06.2023

Vår ref:

2023/8334

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2023/4149

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgnen, 5764 3079

Uttale - Bygging av landbruksvei - Alver 12/19 - Kristian Aulie Mørk

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 7 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 150 meter ombygging av veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen vil gi tilgang til naust og kai. Interesser i vegen er opplyst å vere 60 prosent jordbruksinteresser og 40 prosent kai/naust. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1, jf. § 1-1.*

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen»*

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi vil peike på det grunnleggande kravet i landbruksvegforskrifta, at landbruksverksemdu skal utgjere hovudformålet med vegen. Er det tilfelle for denne vegen? Dette er opp til kommunen å vurdere. Gnr/bnr er ikkje tilknytt nokon PT søknad. Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteresser, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av denne vegen.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Martin Søgnen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN